

Fra: Trude Brosvik (Trude.Brosvik@vlfk.no)

Sendt: 11.06.2021 08:13:38

Til: Politisk

Kopi:

Emne: Spørsmål til Fylkestinget 16.06.21

Vedlegg:

Manglande busstilbod mot Bergen

Langs E39 frå Sunnfjord / Ytre Sogn til Bergen er det blitt dårlegare tilbod for kollektiv-reisande. Det går tre bussar pr dag, og alle er ekspressbussar (Vy). Første buss til Bergen har ankomst kl 15.30. Dvs at alle med avtalar (td på regionsjukehuset, for Gulen gjeld det også lokalsjukehuset som er Haraldsplass) må køyre eigen bil, drosje eller overnatte. Det samme om ein skal vidare med tog eller fly.

Prisbiletet for å reise med ekspressbuss er som kjent også heilt anleis enn for Skyss sine eigne bussar. Prisen Førde - Bergen, ein veg, varierer mellom kr 421,00 og kr 479,00. Men det største problemet for folk er manglande tilbod.

Vil fylkeskommunen vurdere å sette opp ei rute på morgonen på denne strekningen, for å gje folk i denne delen av fylket eit betre kollektiv-tilbod?

Det går truleg ei skulerute frå Haugsvær i Masfjorden ti Knarvik om morgonen. Eg skriv "truleg" for ho kjem ikkje opp når ein søker på Skyss sin ruteplanleggar. Kunne denne vore forlenga til Oppedal? Det ville også vore naturleg i og med at Knarvik vgs er nærskule for Brekke skulekrins.

Ligg det inne planar for betring av tilbodet i samband med den lova saka om samordning og sonestruktur? Blir det lagt opp til at evt kostnad for ei slik rute blir klarlagt slik at ein evt kan ta stilling til det i budsjett-samanheng?

Om ikkje, er dette ei sak fylkesordførar vil følgje opp med tanke på å finne ei løysing?

Trude Brosvik

KrF